

	Informasjon og screening for covid-19 for studentar i praksis/klinisk undervising i Helse Førde			Dokument-id: D25166
				Skjema
Gyldig frå 06.08.2020	Rev. innan 06.08.2022	Godkjent av Fagdirektør		Versjon 1.00

Velkomen som student i praksis/klinisk undervising i Helse Førde – vi er glade for å ha deg med på laget!

For å avgrense smitterisiko under koronavirus-pandemien og kunne ivareta både deg som student, våre tilsette, pasientar og pårørande, er dette skjemaet utarbeidd. Dette SKAL du, som student, lese gjennom og fylle ut.

Vi ber om at du skriv ut/tek skjermbilete av skjemaet og viser det uoppfordra til kontaktpersonen din for praksis/klinisk undervising i Helse Førde. Skjemaet vil også kunne fungere som ei «hugseliste» for deg i løpet av perioden du er i praksis/klinisk undervising hos oss.

For meir informasjon og råd til helsepersonell, sjå [Helsedirektoratet - Covid-19 \(koronavirus\)](#).

FØR du kjem i praksis/klinisk undervising:	Ja	Nei
Gjennomført e-læringskurs i <i>Handhygiene</i>		
Har du deltidsjobb/ekstravakt i helsetenesta?		
Viss JA, må du lese punkt 2,4 i Covid-19 smittevern for pasientnær praksis og klinisk undervising i Helse Førde		
SCREENING: Påvist eller mistanke om covid-19? Sjå FHI - Hvis du mistenker at du er syk med koronaviruset (covid-19) .		
a. Har du gjennomgått covid-19-infeksjon?		
Viss JA, kor lenge er det sidan det var påvist? Antal dagar:		
Viss du kryssar ja på eitt av punkta b – e, skal du IKKJE stille i praksis/klinisk undervising		
b. Har du fått påvist koronavirus-smitte (covid-19) eller ventar du på prøvesvar?		
c. Har du vore i nærkontakt med person med koronavirus-smitte (covid-19) siste 10 dagar?		
d. Har du vore i utlandet siste 10 dagar? For personar som har vore i utlandet siste 10 dagar, gjeld same reglar som for tilsette og innleigd personale, sjå Test av tilsette som har vore i utlandet .		
e. Har du hatt eitt eller fleire av symptoma nedanfor nyoppstått siste 10 dagar?		
- Feber		
- Hoste		
- Tung pust		
- Hovudpine med samstundes sjukdomskjensle eller slappheit*		
- Nedsett lukte- og/eller smakssans*		
- Muskelverk*		
- Sår hals		
- Rennande/tett nase eller nysing (forkjølingssymptom)*		
- Smerter i øvre del av magen, kvalme, oppkast eller diare*		
*Slike symptom som er av kort varigheit (< 1 døgn) og meir enn tre dagar tilbake i tid vektleggast ikkje. Det same gjeld forverring av kroniske symptom.		
I løpet av praksis/klinisk undervising må du hugse på følgjande:		
Viss du får nokre av dei symptoma som er lista under screeningpunkt e ovanfor:		
- Skal du IKKJE stille på planlagt vakt		
- Skal du ta kontakt med den som er din kontaktperson for praksis/klinisk undervising i Helse Førde. Kontaktperson skal vidareformidle kontakt med smitteansvarleg i Helse Førde for vurdering og testing.		
Hvis du skulle få symptom som er lista under screeningpunkt e ovanfor same ettermiddag/påfølgjande dag etter din teneste hos oss, må du testast for covid-19. Dersom prøvesvaret er positivt på covid-19, MÅ du melde tilbake til din kontaktperson for praksis/klinisk undervising i Helse Førde snarast råd.		
Du skal halde deg oppdatert på til ei kvar tid gjeldande retningslinje for helsepersonell på Helsedirektoratet sine nettsider (Helsedirektoratet - Covid-19 (koronavirus)).		